

- Jubileumsfest 4. november
Arbeidsgruppe for festen: Rigmor, Mary og Kjell. Rigmor og Mary leia festen og presenterte ei oppsummering av smått og stort av koraktivitetar gjennom åra. Festen vart halden i ungdomshuset Solvang på Manger, ca. 50 gjestar.
- Julekonsert i Alversund kyrkje 3. desember.

Andre arrangement som har vore under arbeid:

- Styret registrerte Songlaget Avidt/Manger i Frivilligregisteret i 2017, og laget har no tilgang til prosentdel frå Grasrotandelen om dei som tippar registrerer laget.
- Forsøk på eit større arrangement: Samarbeid med Arne Bøe og Himmel og hav «Vi syng oss saman» i Alver(?) kommune.
Etter godkjenning frå medlemmane kontakta styret Vågen songkor for å få til eit mogleg samarbeid. Styret hadde fellesmøte med Arne Bøe, dirigent og representantar frå styret i Vågen 27. juni. Framlegget vart positivt motteke, det vart laga framlegg til budsjett, og det vart bestemt at styret i Alvidt/Manger skulle starte søknadsprosessen, og mellom anna sende søknad til Lindås kommune, Hordaland fylkeskommune og korforbundet. Dette vart gjort og det vart i tillegg sendt søknad til andre aktuelle bidragsytarar. Vågen trekte seg frå samarbeidet i august grunna ny dirigent og øving til jubileumsfest. Vi fekk ikkje støtte frå Korforbundet, men kr. 7000 frå Lindås kommune og 10.000 frå Hordaland fylkeskommune. Styret la fram stoda på medlemsmøte 21. november, og medlemmane vedtok å avlyse prosjektet.
- På medlemsmøtet kom det fram ønskje om å lage mindre opplegg, med norske visesongar på repertoaret.
- Ein planlagt vårkafé gjekk ut då det vart vanskeleg å ha klart repertoar både til kafé om våren og tidleg på hausten.
- Torun og Elin hadde fått i oppgåve å planleggje ein jubileumstur hausten 2017. Dei gjorde grundig arbeid, men det vart etter kvart for få som kunne vere med og vi avlyste jubileumsturen.
- Anne-Marie har kontakta Astrid Namtvedt Sylta om deltaking på «Håtta du» etter nyttår, med positivt resultat.

Årsmelding for Songlaget Alvidt/Manger 2017

Det nye året starta med nyttårskonsert i Åsane kirke, 15. januar 2017.

Styret har hatt 3 medlemsmøte og 17 styremøte i perioden.

Konstituering av styret 1. februar:

Leiar: Marit-Gro Berge

Nestleiar: Karin Monstad

Kasserar: Rigmor Korneliussen

Skrivar: Anne Marie Midtbø

Noteforvaltar/styremedlem: Gerd Lillian Reigstad

Koret har hatt/teke del på følgjande aktivitetar:

- Korkafé i Strilatun 20.mai, arrangert av Seim songkor.
- Konsert med allsong på sjukeheimen i Knarvik, 6. juni. Karin leia og Rune Rydland spelte trekkspel.
- Øvingsseminar hos Tone Lise på Os 26. august, med jubileumsmiddag på Solstrand hotel om kvelden.
- Ramsalt korkafe, 9. september
På medlemsmøte i januar 2017 vart repertoar diskutert og det kom ønskje frå medlemmane om å syngje songar frå kysten. Styret kontakta Hjelmås mannskor for eit eventuelt samarbeid under Kystsogevekene, med negativt resultat. Det vart då arbeidd med andre løysingsalternativ, mellom anna eit samarbeid med Radøy mållag, Himmel og hav og Skogen på Sletta. Etter kvart vart løysinga at Alvidt/Manger arrangerte korkaféen på eiga hand.
Me søkte om , og fekk, ekstra støtte frå Lindås kommune, og Helga med fleire gjorde eit godt sponsorarbeid. Anne Marie fekk inn mange gevinstar frå butikkane i Knarvik senter.
Frå programmet: «Tankar frå naustet» ved Arne Høyland. Tone Lise hadde arrangert Høyland sin song «Song til kongeparet», som koret framførte ilag med Arne.
Humoristisk innslag ved Ragna og Signy. Servering: Fisk og spekemat. Utlodding.
Andre bidragsytarar: Helge Korneliussen på trekkspel og Trent Brunner på piano. God oppslutnad, ca. 70 betalande, og positive tilbakemeldingar. Flott referat i Strilen skriva av Karin.

Representasjon:

Anne Marie og Marit representerte laget på «Frå ide til ståande applaus» - møte i Fana kulturhus torsdag i veke 40.

Marit representerte laget på informasjonsmøte med Frivilligsekretær Per Ole Ekker om Søknadsportalen.

Til handlingsplanen 2017

1. Markering av 30-årsjubileum for koret. OK
2. Kortur til utlandet. AVLYST
3. Utarbeiding av musikalsk profil og aktivitetsnivå for koret. MÅ VIDAREFØRAST.
4. Arkivsystem for referat og planar. OK

Sjå e-post: alvidtmanger@gmail.com Passord: vennerforlivet

under «disk» . Legg gjerne inn anna arkivverdige materiale. Bilete med meir.

5. Årshjul knytt til fristar og aktivitetar. IKKJE HANDSAMA

6. Vervingsarbeidet skal halde fram. MÅ VIDAREFØRAST

Styret har gripe fatt i nokre av framlegga frå medlemsmøtet i juni, men dette er eit kontinuerleg arbeid som må prioriterast.

Anna:

Koret hadde ønske om å bruke den nye Storstova på Leiknes til to av arrangementa dette året, men det var usikkert om me fekk skjenkeløyve. Koret kontakta Lindås kulturråd skriftleg og bad dei ta saka om skjenkeløyve vidare. Saka vart seinare handsama på kommunestyremøte, med negativt resultat.

Styret har inngått Kopinoravtale for lovleg å kunne sende ut noter ved hjelp av e-post.

Koret har vanskeleg økonomi og styret har gjort framlegg om å ha ti færre øvingar med dirigent i 2018.

9. januar 2018

Marit Gro Berge